



ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 8

NOVEMBER 1973

22. årgang

Søvasslikjølen fjellkapell

«År 1966, torsdag 26. april hadde den oppnevnte kapellkomite sitt første møte på Corner kafe, Orkan-ger», slik startar ein protokoll vi har framfor oss med utanpåskrifta «Sportskapell - Hemnekjølen». Åra har gått, og smådrøftingar er blitt alt. Dvs. tomt har vi fått — sentralt og vakkert plasert. Og noen hundrelappar er også komne inn på kontoen. Men det har på ingen måte halde takt med turisttilstrøyminga på Søvasslikjølen, og heller ikkje med farten i hyttebygginga.

No har vi skifta namm, brukar orkdalsnemninga på den ettertrakta kjølen. Og no skal vi kome sterkt. Vi ser Søvasslikjølen som ei utfordring. Frå før har Misjonssambandet satsa her med vakker leirstad — dristig og framsynt. Men kapellet kjem i eit anna turområde, ei halv mil frå Søvassli ungdomssenter. Skulle vi bygge hus for alle tur-gåarane så måtte vi reise 10 katedralar. Så her legg vi ikkje opp til konkurranse, men til samarbeid.

Vi reknar med snart å få skyldsett tomte, og få ordne oss med teikningar. Det blir sikkert fleire byggesteg, så første starten ikkje skal bli for tung. Til hjelp og for sondering av terrenget legg vi ved ein postgiro-blankett i dette menighetsbladet. Alle reaksjonar i positiv retning ser vi på som ei oppmuntring til å frei-

Forts. s. 5.

På bygdafest i Hoston

Presten har vore på bygdafest i Hoston og blitt imponert. Ei lita bygd utan skole med eit levande bygdemiljø. Det var 4H som inviterte. 4H står for hode, hjarte, hender og helse. Hald hodet klårt, hald hjartet varmt, utvikle flinke hender og ei god helse! Barna og ungdommen i Hoston viste tydeleg vilje til å gjennomføre det positive programmet. I arbeidsutstillinga såg vi fugleholkar, steinsamling, grønsaker, blårev, prydsaum og borddekning - matstell. Ein av leiarane, John Hoston, sa til oss at etterat 4H hadde teke til med utsetting av fugleholkar hadde fuglelivet utvikla seg til noe einestående.

Forts. s. 5.

Prest og konfirmantforeldre

Det kjem så lite ut av konfirmasjonsførebuinga, lyder det. Konfirmasjonen er hyklerti, seier andre. Andre uttrykk i negativ retning blir også brukt.

Vi har funne ut at det er rett å vere litt meir positive enn folk flest når det gjeld synet på kva konfirmasjonen har å seie for dei unge. Som konfirmantprest i 10 år på ulike plassar i landet har vi kjent det slik, det ligg ofte meir i eit ungt sinn en det får uttrykt.

Men det kan bli betre. Og her kjem vi med ein åpen invitasjon til foreldra. Set dykk ned og tenk: Korleis reagerer mitt barn som går til konfirmasjon på at vi foreldre

Forts. s. 6.



SVORKMO



BYGDEBASAREN.

Monset har imponert meg like mye som Hoston. Eit mindre bygdesamfunn som har skapt seg eit grendehus som mange samfunnshusaktivistar kan ta hatten av for. No sist var vi på bygdebasar. Vi kom dit først nærare halv tolv ei fredagsnatt og skulle halde andakt. Arrangør var Solsjøbygda misjonsselskapsforeining. Folket var møtt fram frå små til eldre. Misjonen fekk bra tilskot i kassa denne kvelden. Dette var noe anna enn å sitte framfor TV. Misjonsbasaren er miljøskapande — her kan alt bygdefolk møtes i alle aldrar. Her får ein tid til å prate medan pengeboka blir tømt og gevinstar håva inn. Så blir ein heller ikkje berre sittande passiv å sjå på nauda i utviklingslanda, men gjer litt for å hjelpe. Misjonen var tidleg ute slik, og Monsetfolket ser langt utover si eiga grend på misjonsbasaren. Dei har også synt at det går an å ha aktivt bygdemiljø utan skole i grenda.

TEN SING

Orkanger har nå ca. 40 aktive med. Det er øvelser hver tirsdag i kapellet mellom kl. 19,30 og 21. Første opptreden offentlig blir sammen med Løkken Ten Sing i Orkdalskirke 2. des. kl. 20. De blir da nærere 100 unge sangere. Vi gleder oss, utrolig til dette.

CA. 30 SPEIDARAR

er i full gang med trening på Svorkmo. Stasjonsbygninga tek meir og meir form som speidarhus. Barna har vist fin interesse, så her skal det skapast eit miljø som vil merkas. Vi reknar med stor speidarinnviing i Orkland kyrkje 16. desember.

GUDSTENESTESØKNINGA

har vore svært god utover hausten. Mange har søkt fellesskap i nattverden. Vi har 140 konfirmanter i Orkdal dette året. Lever vi slik at dei også møter fellesskapet?

NYORGELET

i Den Gode hyrdes kapell ble offisielt innviet ved en konsert 2. oktbr. Hermund Tronvik var kveldens spesielt innbudte gjest.

Hans egne komposisjoner, delvis i sterk moderne stil, var en spesiell opplevelse. Ekteparet Hoff gledet oss også med sang og musikk. Vi takker Orkanger menighetsforening for den fine gaven.

JUBILEUMSDAGAR

for 50års- og 25års-konfirmanter er halde i alle 4 sokn.

Stor tilslutning, fullsette hus, og stor glede. På Geitstrand og Orkanger var det samstundes avskil med Sigrid og Olaf Havdal. Slikt avskilssamvær har det også vore på Svorkmo misjonshus. Her blei det også sagt farvel med Lars Kvikne. Alt var gode samvær der vi kjente fellesskapet.

«Dette er så alt for mye», er Havdals takkeuttrykk. Vel, vi får replisere tilbake: Vi trur det er rett å glede seg saman med takk for kristent fellesskap og all god gæve. Takk for dysten.

FRÅ ORKDAL MENIGHETSBLAD

skal det rettast ein varm takk. Havdal har gått varsamt fram. Hans handlemåte har retta opp ein dårleg økonomi slik at skuta flyt. Det er derfor vi har kunna gitt ut dobbelt-nr. no. Berre vi ikkje er så dristige at vi forliser igjen. Men dette legg vi i lesarens hand.

Prost Havdal har vore ein klok overordna og kollega — svært klok. Det var vemodig dagen då flyttebilen drog. Akk ja! Men det var veka før Alle Helgens dag — og da står det om eit møte ved ei elv med livsens vatn klårt som krystall. Som kristne skal vi alltid ha forventningsglede. Tenker vi for lite på det?

GODE BARNEBLAD

For barn i skolealderen tilrår vi barneblada: Kom og se — utgjevar Det Norske Misjonsselskap, Stavanger, Blåveisen — utgjevar Norsk luth. Misjonssamband, Oslo, Glimt — utgjevar Den norske Santalmisjon, Oslo. Alle tre illustrerte, levande redigerte barneblad. Dei har perspektiver langt utover vår eiga stovedør sidan dei er utgitt av misjonsorganisasjonar og har medar-

beidarar i alle verdsdelar. Barn frå heile kloden møtest her til fellesskap. Gi barna dine godt lesestoff. Ting dei som ei dåpsgæve til noen du er fadder på. Det er ein fin måte å syne fadderansvar på. På posthuset har dei katalog og prislister.

DET HVITE BÅND

«For Gud, heim og alle folk!» Under sitt gamle motto møttest vi til festmøte i Orkdal Hvite Bånd på Megarden. Det var besøk av landsleiar fru Karin Kjærund og krinsleiar Marie Landrø. Orkdal damekor under leiing av fru Lysberg gledde oss med fin, givande song.

Bedehuset var så godt som fullsett av kvinner og tre menn! Fru Kjærund kom i to innlegg inn på historisk bakgrunn for Det Hvite Bånd og arbeidet i Norge. Dessutan orienterte ho om verdskongressen i Trondheim 19. - 25. juli 1974. Det blir ei stormonstring med godt 1 500 delegatar frå ca. 40 land. Fru Kjærund la spesielt vekt på det ansvar kvinnene hadde for unge jenter med alkoholvanskar og med andre rusgiftproblemer. Ho inviterte sterkt til oppslutning om Orkdal Hvite Bånd. «Vi har to ord å gå ut frå», sa ho, «nåde og ansvar. Nâden må vi møte kvar dag, og vårt ansvar er at vi ikkje seier nei når vi er kalla. Vi kjemper for å redde det som er oss kjærast, våre barn og heimane våre.»

Marie Landrø orienterte med stor innleving om sitt møte med Sør-Afrika og Swaziland. «De skulle berre visst om alle dei bønner som blir bedt for Norge frå misjonsland», sa ho mellom anna.

ELDRES HYGGESTUND

Svorkmo misjonshus
tysdag 4. 12. kl. 11.
Vel møtt!

Forretnings- banken A/S

Orkanger - Tlf. 80 350

Åpn.tider . . . kl. 08.00 - 15.00
Torsdager . . . kl. 08.00 - 18.00

Lørdager stengt.

MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld

Utgitt av soknerådene i Orkdal

Kontingent kr. 4.—

Redigert av res. kap.

Kasserer:

Ivar Fandrem, 7320 Fannrem.

Postgironr.: 32 68 72.

Svorkmo Prenteverk - Svorkmo

Passiv røyking

«Passiv røyking kanskje like farleg som den aktive», er tittelen på et intervju med rektor **Otto Hauglin** og overlege **Kjell Bjartveit** i Statens tobakkskaderåd.

«Det er grunn til å tru at konfrontasjonen mellom røykjarane på den eine sida og ikkje-røykjarane på den andre vil bli kraftigare og meir intens etter kvart som opplysning og debatt om røyking — ikkje minst «passiv røyking» — aukar på. Særleg må vi venta at ordskiftet vil skyta fart i heimane, mellom familiemedlemmer, uttaler rektor Otto Hauglin.

«Vi vil gjera det sosialt og etisk uakseptabelt å fylla eit rom med røyk når det i romet er menneske som ikkje røykjer og som ikkje har bede om å få lungene fylte med plagsam og helseskadeleg røyk.

Vi meiner at møte i kommune-styre, formannskap, skulestyre o.l. bør vera røykfrie. Pauserom og kantiner kan delast opp i to soner: ei røykfri og ei der det er tillatt å røykja.

Det same bør etter vårt syn gjel- da offentlege kommunikasjonsmid- del. Dersom jernbanevogna eller skipssalongen ikkje kan delast på denne måten, bør heile vogna eller flyet vera røykfritt.

Fleire og fleire av dei som røykjer har skjona at det er meningslaust å tala om «individet sin fridom» til å røykja sin sigarett eller si pipe kor som helst og når som helst. Det er misbruk av fridomsbegrepet å stella seg slik at den som ikkje røykjer likevel blir nikotinplaga — utan å ha bede om det», understreker rektor Hauglin.

Overlege Kjell Bjartveit peker på at «den største risiko-auken finn vi

Gå ut — og ta deg ein blås!

Klokkaren min i Båtsfjord er ein av dei eg minnest med glede og takk- send. Det var ei stund ein ting eg lurte på ved han. Vågde han ikkje å vere ærleg mot presten? Han lurte seg alltid ut, eller gjekk på kloset- tet i kjellaren når han røykte. Men så oppdaga eg at han i friluft kun- ne tende snadda rett ved sida av meg. Eg spurde han aldri, men tenkte: Han vil ikkje røyke i andre sin heim, og spesielt sikkert på grunn av barna. Han var filetarbei- dar og diktar og gentleman. Gud signe båtsfjordklokkaren der han endå ruslar utslitt av ein hard ar- beidsdag.

Bjørnson hadde eit «grisehus» der han ein mannsalder før alle skik- kelege antirøykkampanjar promte viste alle som ville ta seg ein blås. Namnet på romet kom av gjerninga som var gjort der.

Eg hugsa kor forbausa eg blei på ein bondefest heime i Tresfjord. Eg gjekk på landbruksskolen, og skulle yrket tru vere med på bondelags- fest endå eg var berre 17 år. Ja, kor forbausa eg blei da ein bonde- kall nede i forsamlinga rett og slett tendte pipa. Eg var vant med å feste berre på bedehuset, og hadde aldri sett noen tende pipa i ei for- samling. Sidan har eg sett det ofte. Også i Orkdal. Og det har undra meg at folk gjer slikt. Det er inga skam å ta seg ein tur på trappa når ein er røyksugen. Båtsfjordklokka- ren og Bjørnson er gode døme! In- gen skal mistenke dykk for å smug- røyke. Men vi skal i høg grad mis- tenke dykk for å vere danna kultur-

mellom dei som ikkje røykjer i det heile og dei som dagleg røykjer i lågaste forbrukargruppe (1-9 siga- rettar dagleg).

Når vi i tillegg veit at røykmengda som sigaretten sender ut i rommet er fleire gonger større enn det røyk- volumet som røykjaren dreg inn, er det grunn til å sjå nærare på spørs- målet om dagleg passiv røykjing kan ha same helseskadelege verkna- der som aktiv røyking har», uttaler overlege Bjartveit.

menneske. Kutt ut røyken av alle forsamlingar, måtte det forbausa om vi såg noen tende røyken der!

I læstadianarbedehuset i Oksfjord i Nordreisa hang det ved sida av preikestolen ein stor plakat om røy- king forbode. Vi brukte huset til gudstenester. Eg sa til den venn- lege og stillfarande kyrkjetenaren at dette måtte vi da få vekk. Det gjekk ikkje an å ha ei slik altartavle i eit gudshus. «Å nei», sa han, «tek eg bort den så er det ikkje lenge før sigaretten kjem fram mellom ben- kene. Eg hadde slikt strev med dette før». Problemet hadde vi sjølv sagt ikkje ved gudstenestene, men ved læstadianarsamlingane som varte time etter time. — Det tok fire år før eg med god hjelp frå andre fekk overtyde kyrkjetenaren om at plakaten måtte ned. Tobakken er sanneleg ein karsk fiende!

Ei eldre dame var på kontorbesøk hos meg på Skjervøy. Ho kom ofte opp for å gi eller få trøyst. Ein gong song ho ein herleg salme for meg da eg hadde mitt å kjempe med. Det var som David med harpa. Ein dag sa ho: «Eg må alltid stå på dekk på lokalbåten, også i verste vinterblâsten. Du skjønner eg er heilt allergisk mot tobakksrøyk, og får svære pustevanskar straks eg åpner salongdøra». Eg tenkte — for ei rangsnudd verd: Unge friske menn og kvinner sat nede i salongen og blâs tobakkskkyer inn i lungene til barna omkring. Og den gamle arbeidsslitne dama sto på dekk fordi ho ville kvelast når ho gjekk inn.

Alle kulturelle handlingsmønster krev ei endring i slikt!

UTILFREDSTILT PATTETRANG

Når folk spør meg hvorfor jeg ikke røyker, vet jeg ikke annet å svare enn at det virker så feminint. Min gamle venn oppe i Volda, rektor Erling Kristvik, var psykolog og gran- sker, og han fant ut at både tygge- gummien og sigaretten og alt det andre folk nå til dags putter i kjef- ten, beror på en felles årsak: Util- fredsstilt pattettrang! Monrad Nor- derval.

NIKOTINHUNGER

Ei ung mor kom til meg og klagde seg for babyen sin. Han ga henne aldri fred, sa hun, han skreik i ett vekk, natt og dag, og hun forsto in-

Vårt ansvar for barna

Ansvar for barna er foreldrenes kjæreste byrde og oppgave. Kjære foreldre, forsøm det ikke! Allermest det kristelige ansvar. Dere får det mangedobbelt igjen, dersom dere ikke sluntes unna.

Det er ingen som har slike betingelser for barnas kristelige oppdragelse som far og mor. Ingen kan vinne deres tillit og forståelse som dem og fremforalt ingen kan møte dem med kjærlighet som dem. Det avhenger av den ånd som rår i hjemmet hvordan barna skal bli. Deres øyne hviler på far og mor. Merker de at foreldrene er verdslige, vil den verdslige luft også lett få innflytelse på deres liv. Våre barn må få se at vi selv lever som kristne. De må få se kristendommen framstilt i vårt liv, se at kristendommen for oss er den kraft vi lever av.

Men hva her syndes. Og det er så mange, mange helt verdslige hjem. Hva gjør disse? De gir sine barn en hedensk oppdragelse, ja, kanskje fører dem like ut i synd. Det er dette som kristne menn og kvinner har sett med sorg på og som har skapt søndagsskolearbeidere. I søndagsskolen forsøker man å gi barna den kristne oppdragelse og påvirkning som de ikke får i sine hjem. At dette arbeidet har båret rike frukter og ikke bare er blitt til velsignelse for barnet selv, men også for far og mor, det har vi utallige eksempler på. Det var engang en gutt som gikk på søndagsskolen. Der lærte han å be til Gud. Når han så hjemme ba sin aftenbønn, merket han at far ikke foldet hendene sine. Da sa gutten: «Far du må folde hendene dine». Ja, faren gjorde det bare for å føye gutten. Det neste var at gutten fikk far og mor med seg i

gen ting, hun stelte jo ungen etter alle kunstens regler.

«Forstår du ikke det, vennen min», sa jeg, «det burde da være nokså innlysende. Ungen din skriker etter sigaretter, han! Han har jo hatt sine sigaretter i ni måneder, og så plutselig får han ikke sigaretter lenger, og da er det jo klart han skriker, karen, det er simpel nikotinhunger, ser du. Monrad Norderval.

kirken. — Men så døde gutten. Etter begravelsen sa faren til presten: «Hva har ikke denne gutt gitt oss! Han har ført oss til Gud».

Hva skal vi gjøre med barna. Vi skal bringe dem til Jesus. Han har selv sagt: «La barna komme til meg, for Guds rike hører dem til». Det er noe i barnesjelen som gjør dem så skikket for Guds rike. Det er troesevnen.

Barnet har en tillitsfullhet som ikke kjenner tvil, hvis det da ikke har fått sin troesevne ødelagt. Og nettopp derfor er det så galt å holde det borte fra Gud, nettopp i den alder at de har de beste betingelser for å kunne ta imot hans rike. Det er derfor ikke underlig at Jesus blir vred på dem som holder de små borte fra ham.

«La barna komme til meg!», sier Jesus. Det er først og fremst et ord til deg som er far og mor. Barnet kan ikke selv komme til Jesus. Det er du som skal bære det til ham og legge det ned i hans favn. Du kan gjøre det. Du kan høre det på bønnens armer til ham. Og du kan være viss på at tar du ditt barn på armene, så når du frem til barnas venn. — Du må ikke tro at bønne ikke hjelper noe. Du vet ikke hvilken kraft for hele barnets liv som ligger i det at du ber for det. Og du skal sikkert få oppleve å se at ditt barn som voksen går på de gode veier.

«La barna komme til meg!» Det er ikke bare et ord til hver far og mor, men til alle. Alle kristne har plikt på seg til å føre barna til Herren på bønnens og ordets vei. Derfor sysler vi så meget med kristen undervisning og påvirkning. Hans ord må oppfylles: Ja dem komme til meg, for Guds rike hører dem til. Og «hindre dem ikke», sier Herren. Et ord til alle som har barn og som ikke har det: til lærere og oppdragere, til søken og kamerater. Man kan legge mange hindringer i veien, så de ikke får del i det Guds rike som hører dem til. En nesten uovervinnelig hindring er det onde eksempel fra en far eller mor som i sitt hjerte er fremmed for Gud, ja, kanskje de også lever i åpenbar synd. — Ja, også en eldre bror og søster kan legge en hindring i veien,

de kan like ut forføre barnet til synd. Derfor taler også Jesus strenge ord om forførelser: «Det ville være bedre for forførelsen at der var lagt en kvernstein om hans hals og han var kastet i havets dyp». — For en synd du har begått, såfremt du har hindret et barn å komme inn i Guds rike. — Det er et alvorord som Herren retter til oss alle. Det må grøsse i oss, når vi leser dette!

Men er du blant de lykkelige foreldre som enda har dine barn omkring deg, så forsøm ikke den beleilige tid.

Den onde frister vil så gjerne forføre deg til makelighet og innbille deg at det er ikke så farlig. Men har du enda din tenkeevne i orden, så vet du jo at *den voksne blir som barnet var*. Det lære all psykologi (sjelelære).

Det er bare en eneste måte, på hvilken du kan klare ditt ansvar: «Bli selv en kristen og la ditt hjem være et kristent hjem!»

Trygve Leergaard.

Kristelig arbeid blant blinde

Mange blinde har liten kontakt med det kristelige arbeidet som drives på deres hjemsteder. Kristelig Arbeid Blant Blinde vil gjerne nå disse med evangeliet. Vi driver arbeidet vårt innen Norges Blindforbund og har for tiden omtrent tre hundre medlemmer.

Kristelig Arbeid Blant Blinde tilbyr lydbånd med kristne program — taler, bibeltimer, sang og musikk. Vårt nyeste tiltak er en lydavis med blant annet intervjuer, plateønsker, og nyheter fra kristenfronten i inn- og utland. Bibelkurser kan vi også skaffe. Kursene kan gjennomgås på egen hånd, i grupper eller som korrespondansekurser. Studiebøkene er innlest på bånd, mens oppgavene fås i punktskrift.

Alt dette låner vi ut gratis til alle som er registrert som blinde eller svaksynte. Det er ikke nødvendig å være medlem i Blindforbundet. Hvis du kjenner noen blinde som kan tenkes å ha interesse av lydbånd eller bibelkurs fra Kristelig Arbeid Blant Blinde, ville vi være takknemlige om du satte dem i forbindelse med oss.

Adressen vår er:

Kristelig Arbeid Blant Blinde,
Bergslisngt. 13, Oslo 3.
Postgironummer 99 60.

Fra Furnes

Etter anmodning fra redaktøren er det hyggelig med denne anledning til å sende en hilsen gjennom menighetsbladet.

Over et år er det siden vi forlot Orkdal etter 10 år gjennom glede og sorg, men med mange lyse minner. Tankene går ofte nordover, og ved hjelp av menighetsblad og lokalavis følger vi ennå med.

Her i Furnes er det et frodig landskap som strekker seg fra Mjøstrandra (Furnesfjorden innover mot det ekspansive industristedet Brumunddal) oppover mot almenningen og viddene innover. Bortsett fra Mjøsa er det lite med elv og vann slik vi husker det og av og til savner det fra Orkdal og Trøndelag. — Prestegården ligger høyt med fritt utsyn over landskapet og med en hage som er til adskillig glede, men til litt bekymring også på grunn av sin størrelse. I nærheten ligger noen gravhauger som forteller om gammel bosetning og tidlig oppdyrking.

Kirken er fra 1708, en utpreget korskirke med god akustikk, og med enkel, men stilfull utsmykning. Selv om den slett ikke er fylt hver søndag, vi er gla for en kirkesøkning som er stabil og trofast. Som organist har vi en musikkfører fra lærerskolen i Hamar. Han beriker i høy grad de gudstjenestlige anledninger med sitt spill.

Her er ellers mange foreninger av sosial og menighetsmessig art. Grunninnstillingen er kirkelig m/ adskillige tradisjoner som stabile innslag. Konfirmantallet er ca. 75. Når det gjelder ungdomsarbeidet, søker mange ned til Brumunddal og Hamar. Her på stedet er det for tiden ikke særlig aktivt, men det har gamle røtter i bygden. Den første kr. ungdomsforening på landsbygden ble stiftet her i Furnes i 1870-årene. Den reiste i 1879 sitt eget lokale «Karmel» som i en rekke av ti-år var en markant samlingsplass for yngre og eldre i dette distrikt.

Beliggenheten mellom Hamar og Brumunddal er nokså utsatt når det gjelder grense- og byutvidelser på begge sider. I allfall er det ikke til å undgå at urbaniseringsprosessen er forholdsvis intens. Vi påvirkes og tar imot inntrykk av bysamfunnet. Forhåpentlig har vi også noe å

Orkdal Sparebank

Orkanger . . . kl. 08.00 - 15.00
Torsdager . . . kl. 08.00 - 18.00
(Tlf. 80 450)
Fannrem . . . kl. 08.00 - 14.30
(Tlf. 82 191)
Selbekken . . . kl. 09.00 - 14.30
(Tlf. 115)

Lørdager er alle kontorer stengt.

kunne gi, både når det gjelder natur og miljøpreg.

Med dette får vi lov å sende en hjertelig hilsen til kjente og ukjente i Orkdal prestegjeld. Nytt mannskap er kommet og er underveis når det gjelder kirkelig betjening. Vi ønsker alt godt for de yngre prestekolleger med rik inngang i menigheten fortsatt, og med store muligheter for den tjeneste vi er felles om.

Også til Havdal og frue sender vi en takk for hyggelige stunder i prestegården og for gode kollegaforhold gjennom årene vi var der.

Guds signing over uvant pensjonisttilværelse med lys og glede ved fortjent otium!

Synnøve og Einar Koren.



Sokneprest Einar Koren

Søvasslikjølen - -

(Forts. fra s. 1).

ste løyse prosjektet raskt. Så nå har alle sjansen til å smørre hjula. Til fleire reaksjonar, til sterkare står vi i møtet med andre planleggende og bevilgende institusjonar. Vi arbeider også med å skaffe oss kontaktar og interessentar i andre menigheter og kommunar som er representert i turiststraumen til Søvasslikjølen.

I komiteen no sit: Kåre Gjønnnes, form., Aage Garberg, kass., Inge Eidhamar, sekr., Agnes Singstad og John Meyer. Kyrkja skal møte folket der dei ferdast, vi ber om støtte til dette med å reise Søvasslikjølen fjellkapell. La det kome noe ut av alle talane på «Corners hjørne».

På bygdafest i Hoston - -

(Forts. fra s. 1).

Det var merkbart langt meir fugl i skogen enn før.


Når vi veit at barna skal kontrollere fugleholkaner sine kvar dag i lengre periodar, så skjønner vi at det ligg mye arbeid bak tiltaket som har skapt slik glede og lærdom.

På festen synte 4H at dei meistra kunsten å opptre også. Elles driv dei med turar — fjellturar, natursti, skisamling. Ein er aspirant frå 10-11 år, junior frå 12-14 år, senior frå 15-19.

Det er Elisabeth Hoston og John Hoston som er leiarar. Vi spør John Hoston kvifor han tok til og driv med dette? «Vi hadde bygdeungdomslag her, så gjekk det i stå. Eg blei innvalgt i ei nemnd til å ta meg av dette. Eg køyrer skolebuss, kjenner barna og er blitt glad i dei. Dessutan er 4H eit triveleg arbeid», seier 4H-sjefen.

Hoston har eit godt bygdemiljø. Det går an å eksistere kulturelt om ein har mist skolen også. Der folk vil noe for bygda og miljøet, skjer det noe.

SLEKTERS GANG



Døpte

Orkland.

14. 10: Torbjørn Evjen
4. 11: Marianne Lium.

Orkanger.

9. 9: Mona Veronika Elshaug (Selbu k.)
14. 10: Olav Anders Kjelstad
Terje Rostad
Roger Aune
21. 10: Odin Sande
Brit Anne Reitan
Heidi Løvås.

Geitastrand.

4. 11: Øivind Haugnes
Dagfinn Husdal.

Orkdal.

7. 10: Kent Erik Bjerkenås
Dag Morten Blåsberg
Aina Theres Meland.
21. 10: Morten Dragset
Stein Tollin
27. 10: Katharina Benedikte Aandahl Østensen
28. 10: Harald Røhme
11. 11: Ann Mari Erlandsen
23. 9: Kjetil Jacobsen (d. i Kolbotn)
May-Elin Kvakland (d. Åfj.)



Vigde

Orkland.

13. 10: Arne Jostein Ranæs og Solveig Lystad.
Øivind Tangvik og Anne Kari Brattset.

Orkanger.

27. 10: Ola Sundli og Borgny Sylvia Schølberg.

Orkdal.

6. 10: Kåre Haugen og Marit Synnøve Skjenald
Per Arne Norboe og Randi Margrethe Sommervold.

13. 10: Svein Bonvik og Jordi Jørrestol
Per Odd Eggan og Anne Brit Steinshaug.
3. 11: Amund Kvåle og Jorid Hoem.



Døde

Orkland.

4. 10: Ingeborg Nilssen f. 1891.

Orkanger.

29. 9: Hans Adolf Hansen f. 1895
1. 10: Helge Johnsen f. 1899
11. 10: Anna Karlsen f. 1912
28. 10: Johanna Mathisen f. 1878.

Geitastrand.

16. 10: Anne Martha Kjøren f. 1880
20. 10: Oluf Rikard Sletvold f. 1914
22. 10: Ingebrigt Hukkelås.

Orkdal.

21. 10: Ole Tømmervik f. 1917
Hanna Pauline Hestnes f. 1903
28. 10: Karen Kristine Tuflått f. 1883.

Prest og konfirmantforeldre


Forts. fra s. 1.

aldri går til kyrkja saman med dei? Blir ikkje vår haldning til ei vane-danning for barnet som reduserer konfirmasjonsinnhaldet vesentleg?

I konfirmantforebuing og konfirmasjon freistar vi hjelpe foreldra det vi maktar så barna kan oppleve noe godt og få større tru på livet sitt. Vi trur verdien av dette ville bli mangdobla om foreldra tok seg kyrkjetur med barna om søndagen. Vi er overtydd om at ei slik handling skulle merkas i heimemiljøet også.

Kjære konfirmantforeldre! La oss hjelpe kvarandre så dei unge får mest godt ut av konfirmasjonstida og konfirmasjonsdagen.

Eit program for konfirmanttida synest vi å finne i 1. Tim. 4, 12: «La ikkje noen sjå ned på deg fordi du er ung, men ver eit føredøme for dei truande i tale, ferd, i kjærleik, i tru, i reinleik».

Rapport
fra Stor-Elvdal

Tiden går fort. Dager og uker blir lagt bak. Månedene forsvinner. Begivenheter og inntrykk strømmer på.

I korte stunder forsøker en å samle seg, tenke bakover, ordne minnene, få et overblikk. Men nye oppgaver strømmer på. Tiden blir for kort.

Flere ganger har jeg satt meg ved skrivemaskinen for å sende en hilsen til Menighetsbladet og til Orkdals prestegjeld. Hittil er det blitt med tanken. Denne gangen håper jeg det går.

Det er måneder siden vi forlot Orkdal. En stille formiddag i juni kjørte vi oppover Orkladalen mot et nytt hjemsted. Det er en rar følelse i det. En er på en måte alt utenfor. De fleste opptatt med sitt. Vi i bilen ser på den bygd som var vårt hjem i tre år.

Tre år er ingen lang tid. Men røtter begynner en å få. Årene kan ikke hvikes ut. De vil være der, i erfaringer, i minner, i tanker.

Det ble sagt pene ord og takkens ord ved avskjeden. Om det var be-

Velkommen til vår forretning.
Vi står alltid til tjeneste.
Gjør innkjøpene hos oss.

Svorkmo
Handelssamlag

rettiget eller ikke skal ikke her diskuteres.

Men selv vil jeg gjerne få komme med en takk. Noen nådde vi på avskjedene. Andre ikke. Men en takk vil jeg få gi til alle. Gjennomgående var det gode år i Orkdal. Det var lærerike år.

Hva presten mener er hans viktigste oppgave, og hva menighetene mener, faller ikke alltid sammen. Kanskje var det slik en ubevisst uenighet i Orkdal. En prest kan ta feil i sine antagelser, men det kunne kjennes slik. Men det er en erfaring som kan komme godt med ved senere anledninger.

Til sine tider kunné det kjennes tungt fordi kontakten med dem en skulle hjelpe blir for liten. Men det trenger ikke være menighetens skyld. Den sak hviler ennå mer på presten.

Kirkegangen er ikke overvettas god i Orkdal. På den måten gies det et svakt vitnesbyrd om troen på Gud. — For en prest kunne det tære på innsatsviljen i de sene kveldstimer med arbeidet på prekenen. At misforståelsene lå så nær kunne også øke fortvilelsen.

Men meget av dette vil en prest alltid møte. Dagens samfunn er slik. Avmakt og fortvilelse over manglende krefter ser ut til å være prestens lodd i Den norske kirke i dag.

Likevel var det gode år. År som vil bli husket i takknemlighet. Det foreløpige tilbakeblikk sier det. Det er mennesker en vil minnes med takk. Det er hendelser som gir grunn til tro og håp når det gjelder kirkens fremtid i Orkdal.

Det var vennlige og ærlige mennesker å samarbeide med. Orkanger menighetsråd var preget av en fin vilje til det.

Kollegaforholdet i Orkdal er noe

SØLVVARER
til
BARNEDÅP BRYLLUP
KONFIRMASJON
Gullsmed

John
RØHME

7300 Orkanger

jeg bare kan takke for. Ikke minst prost Havdals fine og kloke menneskelighet er noe jeg vil minnes med den største takknemlighet.

Jeg ser av «Sør-Trøndelag» at redaktør Gullvåg vil nedlegge menighetsbladene. La ham ikke få lov til det! Men en blomst skal han få som pressemann. Det var lett å samarbeide med «Sør-Trøndelag». Det var et samarbeid som ga større muligheter enn det jeg maktet å utnytte. Men det får skyldes manglende krefter og mulig feilprioriteri, hos kapellanen på Orkanger.

Så til dere alle. Takk! Og ikke minst, takk for gavene!

Gud velsigne Orkdals menigheter.

Stor-Elvdal i september.

Leif Lund-Berg.

«Du skal elske din
neste som deg selv»

Kjærlighet kan være så mye. Kjærligheten kan være noe meget egoistisk og selvopptatt. Å elske i kristen mening er ikke det samme som at du skal like alle mennesker. Hvem er det vi liker? Det er han eller hun som er tiltalende, som er «likandes». Så mye bedre om vedkommende viser tegn til å like oss. Vi venter og krever gjensidighet. Men Jesu Kristi kjærlighet rakk lenger, helt til det å elske og gi livet for fiender og bødler:

«Han på korset, han alene
gav seg så for verden hen,
han Guds Lam, det fromme, rene,
dør for uvenn som for venn».

Dette er kjærligheten. Slik er det Gud elsker. Han elsker den som slett ikke er verdig til å bli elsket, Gud er kjærlighet. Og denne «umotiverte» kjærligheten vil han fylle våre hjerter med. «Umotivert?» Ja, fordi det ikke er noe hos oss som kan moitvere en slik kjærlighet til oss syndere. Vi er fattige, vi er ikke noe, vi har ikke noe, vi m a k t e r ikke noe i oss selv. Vi kan ikke gjøre oss fortjent til denne Guds kjærlighet.

Men nå var det altså vi som skulle elske nesten. Og nå har vi sett hvordan denne kjærligheten skal være,

en kjærlighet som ingen forskjell gjør på venn eller fiende. Og vi får denne kjærlighet inn i våre hjerter ved å ta imot den «Guds kjærlighet som er utøst i våre hjerter ved den Hellige Ånd, som er oss gitt». (Rom. 5, 5).

Men hva med problemet: «Jeg kan ikke like det mennesket»? Løsningen ligger i å gå den veien Jesus peker på i Matteus 5, 44:

«Elsk deres fiender,
velsinn dem som forbanner dere,
gjør godt mot dem
som hater dere,
og be for dem som forfølger dere,
så dere kan bli barn
av den far dere har i himmelen».

Her nevner Jesus tre konkrete, praktiske ting vi kan gjøre.

Kanskje må jeg begynne med den tredje metoden: å be for dem som det er vanskelig å elske. Da er løsningen like om hjørnet. For «den som ber, han får».

agn.

Om jakt

Underskrivne er ikkje jeger. Men, eg likar å ferdast i skog og mark — utan borse. Ikkje minst om hausten kan ein møte ein storarta fargeprakt når skog og lyng står i sine harmoniske haustfargar. Og er ein riktig heldig kan ein og oppleve restane av dyre- fugleliv i form av eit flaksande rypekull, ein hoppande hare eller til og med ein staseleg elg som verdig og majestetisk forsvinn inne mellom trea.

Men skogen er utrygg om hausten når hundrevis av jegrar frå lågalderen og oppover strøymer inn over viddene med jaktfeber og spente nerver. Kvart år kjem det da også

GUDSTENER

21. s. e. tre. - 11. nov:

Orkdal. Havdal.
Ofr. til soknerådskassa.
Kirkekaffe i Megården Bedehus
etter gudstjenesten.
Orkanger. Gudst.møte v/ sekr. Olav
Bekken. Koll. til Indremisjonen.

22. s. e. tre. - 18. nov:

Orkanger. Havdal. Soknerådsv. l.
Orkland. Eidhamar. Soknerådsv. l.

23. s. e. tre. - 25. nov:

Orkdal. Rogstad. Soknerådsv. l.

1. s. i adv. - 2. des:

Orkland. Rogstad. Nattverd.
Støylen skole. Eidhamar.
Orkanger kl. 18. Rogstad.
Orkdal kl. 20. Eidhamar.
Ungdomsgudst. Løkken og
Orkanger Ten Sing.

2. s. i adv. - 9. desbr.

Orkdal. dr. Johan Nyhagen og
Eidhamar.
Ofr. til Santalmisjonen. Nattv.
Geitastrand. Rogstad. Nattv.
Soknerådsv. l.
Orkanger kl. 18. Sivert Gunnes og
Eidhamar. Nattv.
Ofr. til Israelsmisjonen.

meldingar om dødsulykker eller alvorlege skadeskytingar for di det finns jegrar som skyt så snart dei ser noko rører seg. Av den grunn trur eg det er mange med meg som vegrar seg for å ta familien med på ein skogstur ein søndag ettermiddag, til dømes.

Jakta i Rennebu i dag er inga næring — det er sport. Det er heller ingen fare for at dyre- og fuglelivet skal ta overhand om vi reduserar ein god del på avskytinga. Eg vil difor stå til lyd for at det blir innført total helgefreding av alt vilt i Rennebu.

Med all den laurdagsfri, haust og vinterferie som vi har i dag vil det likevel bli nok tid til å jakta på den sparsame bestand som finnst, og eg synest heller ikkje denne slaktinga av dyr og fugl i skogen er noko høveleg helgeaktivitet. Eg trur det ville vera i pakt med våre beste tradisjonar om både folk og dyr og fuglar kunne vera trygge for kuler og krutt denne dagen i veka.

Jens.

(Frå Rennebunytt).

GAVER til bladet

Orkanger.

Tora og Olav Skjølberg kr. 10.
Kristian Steen 10. K. og O. Wåtland
10. Jorun og Andrew Olsen 10. Elinor
og Alf Grødal 10. Gurine og
Ole Vik 10. Arntine Ofstad 10. Marit
og Kåre Grytting 10. Astrid og
Å. Åsland 10. Ester Sivertsen 10.
Ingeborg og Olav Åsmul 10. Kari og
Edv. Udnes 10. Karen Svensen 10.
O. og I. Monsen 10. Liv og Karsten
Sommervold 10. Martin J. Rømme
10. I. og O. Volden 10. Edmund
Henden 20. Trygve Øien 20. Frida
og Olav Rostad 20. Reidun og Mag-
nar Fændrem 20. Marie og Erling
Skjenald 10. Dordi Skjenald 10. M.
og A. Olsvik 10. Marta Skjenald 10.
Lovise og Ole Skar 10. N. N. 50.
Margit og Arne Høvik 20. I. og K.
Singstad 10. Reidun og Odd Bjørn-
ås 10. Inger og Terje Vuttudal 10.
Mary og Johan Vuttudal 10. Elida
Johansen 10. R. og J. Tellefsen 10.
Kitty Dyrset 10. Jenny og Ole
Prestmo 10. Ruth Jenssen 10. Borg-
hild Andersen 10. Mildrid og Vidar
Ljøkjell 10. Hansine og John Stok-
kan 10. Klara og Jostein Nervik 10.
Berit Hegglund 10. Sigrid og Ingebr.
Isdahl 10. Eli og Arnold Ofstad 10.
Ragna Mæhlen 10. Signe Langset
10. Elen og Ove Antonsen 10. Alette
og H. Kringstad 20. Johanna og Odd
Lorentsen 10. Toralf Skogås 10.
Marie Solem Rønning 10. Anna Wik-
dal 10. Karsten Sommervold 10. I.
og O. Lønnum 20. Oline Finstad 20.
Hjørdis Fiskum 10. Vigdis og M.
Wormdal 10. Borghild Rønning 10.
Erna og H. Husbye 10. Berit og Rolf
Semb 20. Fru Gravråk 10. Sigrun
og O. Gravråk 10. Gurine og Ole
Vik 10. Edel og Svein Ogenes 10. Otto
Sæther 10.

Orkland.

Einar Valstad kr. 10. Erik Rye 10.
Magna Rein 10. Astrid og Egil Kjøs-
sen 20. Ingeborg og Olav P. Skjøl-
berg 20. Olga Grø 10. Eldbjørg og
Arne Lomundal 15. Marit og Even
Sinnes 15. Marit Hoston 10. Sofie
og R. Simonshaug 20. Marit Svee
10. Ingeborg Ofstad 10. Eline og
Gunnar Lium 20. Ingeborg Fossum
20. Ingeborg Vikahaug 20.

Orkdal.

Hanna Jamtgård kr. 10. Ingeb. Mor-
seth 10. Jenny Sletvold 10. Johanna
Jamtgård 20. Randi og R. Gjør-

nes 10. Frida Sundli 10. Tora Strøm
10. Tordis Strøm 10. Aagot Han-
sen 10. Dagmar Sundli 10. Marit
og Johan Solbu 10. Ella Svee 10.
Inger Kvam 10. Brynhild Nordtøm-
me 10. Beret Blomli 10. Andreas
Ekli 10. Eli og O. Staveli 10. Olav
Gjøås 10. Marie og Erling Sundli
20. Guri Molde 10. Inger og O. B.
Dahl 20. Karen og Per Dahl 20.
Bergliot og Per Mo 20. Oddlaug og
Kr. Mogset 10. Marn Bratli 10. Nan-
frid og Olav Rian 20. Margit og Ola
Jerpstad 10. Ingeborg og Nils Jerp-
stad 10. Ida Lium 20. Olav Lillery
10. Elfrida Singstad 10. Randi og
J. Kvålvold 10. Anne Marta Adven-
ding 10. Johan Advending 10. Jo-
hanna Advending 20. Berit og Gun-
nar Melås 20. Signe og Sivert Gjør-
nes 20. Magnhild og T. Hallien 20.
Berit og Johan Hollum 10. Inger og
B. Elvebakken 10. Lilli og Johan
Ervjen 10. Karen Pedersen 10.

Geitastrand.

Helga og Ole Sletvold kr. 10.
Sverre Sletvold 10. Hanna og Lars
Sletvold 20. Ester og Eivind Husby
20. Alfhild Wiggen 10. Magnhild
Tungen 10. Kristen Hukkelås 10.
Emma og Kr. Sletvold 25. Bibi og
Ola Sletvold 25. Lovise Rømmesmo
10. I. og N. Kvernmo 20. Einar
Langvik 10. Olaug og Anders Slet-
vold 10.

Utenbygds.

Knut Selli, Børse kr. 10. Marit
Druglimo, Kyrksæterøra 10. Jenny
Rynning, Hommelvik 10. Ann Mari
Tiller, Heimdal 10. Solveig Brevik,
Byåsen 10. Egil Høston, 1514 Ek-
holt 10. Anne Wold, 2260 Kirkenær i
Solør 4. Hanna og J. O. Stubban,
Tr.heim 10. Guri Eggan, Molde 10.
Rolv Eggan, Vikhamar 10. Elisabeth
Bartnes, Nøtterø 10. Marit Jerpstad,
Charlottenlund 10. Anne Hovseth,
Minneapolis U.S.A. 27.50. Hilleborg
Koren, 1340 Bekkestua 10. Inger og
Per Jarstein, 7620 Skogn 10. Johan
Asphjell, 9850 Rustefjelbma 10.
Borgny og Kjell Selboe, Selbu 10.
Ragnhild Mesteig, Meldal 10. Agnes
Thorbjørnsen, Skjervøy 10. Audny
og Tobias Briseid, Bedford Avenue,
New Jersey, U.S.A. 50. Lilly og Ed-
vin Almhjell 10. Jan Otto Sandvik,
Bergen 10. Guri Husby, Skaun 10.
Hans Kringstad, Tr.heim 10.

Hjertelig takk!

Sendt av:


POSTGIRO - INNBETALINGSKORT

Sendt av:

TIL FRIMERKE

Porto 40 øre

KVITTERING



DATOSTEMPEL

ADR.

ADR.

KRONER ØRE

KRONER ØRE

KRONER ØRE

Horizontal lines for amount entry (Kroner and Øre).

Horizontal lines for amount entry (Kroner and Øre).

Horizontal lines for amount entry (Kroner and Øre).

TIL

Søvasslikjølen Fjellkapell

er innbetalt til

Søvasslikjølen Fjellkapell

ADR.

7310 GJØLME

POSTGIROKONTO
3 67 54 36

7310 GJØLME

POSTGIROKONTO
3 67 54 36

POSTGIROKONTO
3 67 54 36

Ved reklamasjon
må De vise
kvittering



Bl. 560

DATOSTEMPEL

INNBETALINGSNUMMER

UNDERSKRIFT VED GIBRING



DATOSTEMPEL

INNBETALINGSNUMMER

ØRE

PORTO

SIGNATUR